

# LINDÅS KULTURRÅD

Isdalstø, 26.04.17

Lindås kommune  
Rådhuset  
5914 Isdalstø

## AD. AVSLAG PÅ AMB. SKJENKELØYVE - STORSTOVA PÅ LEIKNES

Lindås kulturråd har motteke følgjande sak frå Songlaget Alvidt-Manger:

*«På styremøtet i Songlaget Alvidt-Manger i går vart vi enige om å kontakta kulturrådet vedkomande skjenkeløyve i Storstova på Leiknes.*

*Koret har planlagt to store arrangement i haust (konsert under kystsogevekene og 30-års jubileumsfest), i den nye Storstova. Vi har no fått vita at det er uklart om kommunen vil gje skjenkeløyve til arrangement der. Vi bed om at Lindås kulturråd tek denne saka opp med kommunen og bed om ei snarleg avklaring. Alkoholserving, sjølsagt under kontrollerte forhold, er i somme tilfelle ei naudsynt inntektskjelde for laga i kulturlivet.*

*For styret i Songlaget Alvidt-Manger  
Karin Monstad / leiar «*

Styret i Lindås kulturrådet handsama saka på styremøte 24.04.17.

Lindås kulturråd registrerer eit sterkt lokalt engasjement i denne saka. Bakgrunnen er kommunen sitt avslag på ambulerande skjenkeløyve til slutta lag i storstova.

Det synes heilt klart at bygdefolket har sett på storstova som ein fleirbrukshall på lik linje med Nordhordlandshallen og Lindåshallen. Dette framgår jo også av sakspapir, m.a. i samband med søknad om spelemidlar - der storstova er omtalt som fleirbrukshall. Det vil soleis vera ulik handsaming dersom man no definerer storstova som skule, slik at den ikkje kjem i same kategori som dei to andra hallane kommunen eig.

På kommunen si heimeside står storstova også omtalt som fleirbrukshall, slik:

*«Lindås kommune eig og driv to idrettshallar:*

*Nordhordlandshallen, bygd i 2002*

*Lindåshallen, bygd 2012*

*Det pågår for tida bygging av ein mindre idrettshall ved Leiknes skule. Denne opnar våren 2017.*

*Hallane er fleirbrukshallar for idrett og kultur. På dagtid er hovudbruken kroppsøving for skulane. Hallane er også tilgjengelege for utleige til kommersielle aktørar. Det er mogleg å søkje arrangement med ambulerande skjenkeløyve i fleirbrukshallane.»*

Ut frå dette meiner Lindås kulturråd at kommunen sitt avslag på ambulerande skjenkeløyve ikkje er i tråd med retningslinene slik dei er skissert på kommunen si heimeside. Etter styret si meining må fleirbrukshallane handsamast likt. Noko anna vil vera heilt urimeleg.

Lindås kulturråd vil difor be om at kommunen snarast tek saka opp til ny vurdering/handsaming.

Med helsing  
For Lindås kulturråd

Einar Vatne  
leiar